


Brattvåg Rotaryklubb

Medlemsbrev nr 1, 2019/2020
Juli, August og September,
President Harald Gudbrandsen



Redaksjon: Arne Vågnes, Bente Bruun, Torstein Slyngstadli, Bjørn Haukås, Sigrid Eidsvik, Rolv Rørhus, Lidvar Sunde, Sindre Vik

Møte 06. aug. 2019
Fritt møte på Hautunet

Fødselsdagar:
Elisabeth, Geir Magne, Jan H og Jan F.



President Harald opnar sitt første møte i fin stil!

Den nyvalde presidenten Harald Gudbrandsen ønskte alle saman velkomne til det nye rotaryåret. Han orienterte først litt om møteform og innkalling.

Harald kunne fortelje at det nye styret har kome godt i gang med arbeidet og gjort dei naudsynte og pålagde oppgåvene før oppstart.

Etter oppfordring frå møtelyden gjekk han gjennom plassering av medlemmane i dei forskjellige komiteane. Det er viktig at arbeidet i komiteane er «på skinner» heilt frå starten av.

Bjørn S tok ordet og orienterte kort om Rolf H og ein uheldig episode som resulterte i brot av ein lårhals. Han er for tida på Haram sjukeheim, men er alt observert i gata! Mekan til viljestyrke og stayerevne skal ein leite lenge etter!

Jorunn U F bad om ordet og gjorde greie for nokre tankar ho hadde om korleis klubben kan verte flinkare til å ta oss av dei eldste i klubben. Dei som meir eller mindre er på veg ut og kan trenge litt merksemd og omtanke. Dette er eit tema som president Harald lova at klubben skal kome attende til.

Thomas V fortalde om eit besøk nokre klubbmedlemmar frå Vatne/Tennfjord hadde hatt med Jens Tenfjord som nett feira 100 år. Jens har ei lang og tru teneste som medlem av Vatne og Tennfjord rotary.

Resten av møtet vart nytta til komitearbeid og hyggeleg samvær.

AV

Møte 13. aug. 2019
Presidentens møte
Fødselsdagar:
Ingen

Harald opna møtet med dagens ord. Han minte om den årlege utflukta til Vadsetosen på neste tysdag med fisking og grilling. Hugs påmelding og avreisetidspunkt!

Etter nokre detaljar om distriktskonferansen i år og neste år (Molde); gav Harald ordet til leiar av programkomiteen, Endre Sandnes. Endre gjekk gjennom programmet for hausten 2019. Det høyrtest ut som eit variert og spanande program som vart godt mottatt av møtelyden.

Harald sa eit par velvalde generelle ord om «egoforedrag» før han overraska oss med ein godt førebudd presentasjon av seg sjølv!

Først fortalde han litt om oppveksten på Brandbu på femtitalet. Morosamt var det å høyre om KGB (Kvikk Gutteklubb Brandbu) som dreiv ei mangfaldig verksemd. Sekretæren var Arne Treholt (storspionen)! Sekretær i KGB!! Elles kvalifiserte Harald seg tidleg i boktrykkarfaget med sveine- og meisterbrev. Han fortalde om ein variert praksis som enda opp med tilsetjing hos Hatlehol AS i Brattvåg i 1978.

Saman med Ingrunn som han møtte nokre år tidlegare. Han vart seinare produksjonssjef i bedrifta etter Hans Arthur Hildre som dei fleste Brattvågarar hugsar godt. Vi fekk også høyre litt om den digitale revolusjonen i bransjen, og om nedgangstidene i bedrifta. Harald pensjonerte seg i 2009. Han har to barn og barnebarn og trivest med eit aktivt liv som pensjonist.

Harald avslutta med nokre velvalde ord om Rotary, og betydninga klubben har for han sjølv og bygda.

AV

Møte 20. aug. 2019 **Fiske og grilling i Vadsetosen** **Fødselsdagar:**

Litt gråver og regn i byrjinga, men elles låg alt rette for den 10. Rotarysamlinga i Vadsetosen. Rekordstor deltaking denne gongen med over 40 påmelde. Thomas og Cathrine kunne ønskje oss velkomne. Kameratskapskomiteen hadde sjølvsgatt jobba litt på førehand, så alt låg til rette for eit hyggeleg bordsete.



Før grillinga gjorde Thomas, Jan og Torstein og nokre velvillige hjelparar eit skikkeleg notkast i vatnet. Vi andre venta i spaning medan nota etter kvart snurpa seg saman og nærma seg land. Ikkje storfangst, men vi fekk sjå sorten: 8 krede (ørret) og ei røyr.

Thomas hadde ein teori om varmare klima og varmare vatn. Fisker gjekk då ut på djupare vatn, slik at det ikkje var så lett

som tidlegare å fange han i nota. Nedgangen i røyrfisket var spesielt påfallande...

Han minte oss om bibelens ord om Jesus som metta 5 000 menneske med fem brød og to fiskar. Rett nok var ikkje Jesus til stades, men dei ansvarlege var sjølvsgatt førebudd på denne situasjonen: Dei hadde «fjuska litt», slik at det var mat til alle! Grillinga hadde Torstein full kontroll på, og snart var vi benka til bords med både fisk og tilbehør. Og god drikke som vanleg.



Regnet tok slutt, og det letta opp etter kvart. Mørket fall på og det fine bålet var med på å skape den rette stemninga. Og som vanleg når Brattvåg rotary samlast: det vart ein hyggeleg kveld.

I presidenten sitt fråvær (75-års jubileum) tok Endre ansvar og takka alle som hadde bidratt til nok ein vellukka kveld i Vadsetosen.

AV

Møte 27. aug. 2019 **Sunnmøre friluftsråd** **v/ May Britt Haukås** **Fødselsdagar:** **Svein H, Bjørn H, Harald G og** **Thor G**

Presidenten ønskte velkomen. Spesielt Øyvind og Rolf fekk litt ekstra merksemd. Det vanka takk til dei ansvarlege for arrangementet ved Vadsetosen. Ein hyggeleg kveld for dei mange frammøtte.

- Som vanleg fekk vi høyre nokre kloke ord for dagen.
- Litt organisasjonsnytt med gode meldingar i kampen mot polio.
- Orientering om dugnaden på Brattholmen i neste veke.
- Guvernørbesøk 1. oktober. Vi må gjere den naudsynte førebuinga/planlegginga.
- Harald gjorde greie for nominasjonsprosessen fram mot neste guvernørval i distriktet vårt.

Så, endeleg slapp dagens hovudgjest, May Britt Haukås, til. Ho er leiar av Sunnmøre friluftsråd. Ho fortalde engasjert om organisasjonen som er eit interkommunalt samarbeid mellom 13 kommunar. Som starta i 1974 etter initiativ frå Ålesund rotary øst. Rådet består av eitt medlem + vara frå alle deltakarkommunane. Ho har 5 andre heiltidstilsette i tillegg til seg sjølv som står for den daglege drifta.

Som eksempel på kva friluftsrådet arbeider med nemnte ho : tilrettelegging av friluftsliv for alle, Stikk UT!, Skjergardstenesta og Leikepatruljen.

Spesielt var det interesse rundt den store suksessen med Stikk UT! Dette er organisert som ein turkassetrim med 183 turar på Sunnmøre. Fargekodar gjev beskjed om vanskegrad på turane. Det er også utvikla ein app med mykje informasjon. I kvar kommune har vi ei StikkUT!-gruppe som finn fram høvelege turar etter gitte retningslinjer. Desse turane representerer eit svært mangfaldig tilbud. Nokre av turane vert bytta ut kvart år.

Gurinesbukta på Vatne og Kråkvika i Vestnes vart spesielt nemnde som viktige og vellukka eksempel på kva nærmiljøet kan gjere i samarbeid med friluftsrådet for å fremje friluftsliv, helse og trivsel.

Ein nyttig time for Brattvåg rotary som har fleire prosjekt på gang i same gate.



May Britt viser engasjert bilete frå nokre av prosjekta

AV

Møte 03. sep. 2019 Dugnad på Brattholmen Fødselsdagar:

Tysdag 3. september møtte ni rotaryanarar pluss Svein Ove Høistad til dugnad på Brattholmen. Bygging av stupebrett og rydding stod på programmet. Med god stemning og stor innsats gjekk tida fort. Kaffepausen med «noko attåt» høyrer sjølvstakt med. Det vart gjort eit godt stykke arbeid denne kvelden. Likevel registrerer vi attgroing av bjørk, slik at det vert

naudsynt med ein innsats til våren også.

HG for SE

Møte 10. sep. 2019

Orientering om kommune- og fylkestingsvalet v/ Bjørn Sandnes og Bente Bruun.

Fødselsdagar:

Oppmøtet var godt, og medlemmene hadde gledd seg til ei fersk oppdatering og kommentarar til kommunevalet i Nye Ålesund.

Men presidenten måtte skuffe oss med at dette programmet diverre måtte gå ut, då dei som skulle kommentere, var opptatt i forhandlingar om ordførarvervet og eventuelle andre verv og posisjonar. Men i løpet av kvelden vart det i alle fall klart kven som kjem inn i kommune-styret.

President Harald Gulbrandsen nytta difor høvet til å referere frå styremøtet som vart avhalde i forkant av kveldens medlemsmøte, og til ein del referatsaker.

Styremøtet:

Det vil bli sendt ut referat frå møtet – nokre saker kan nemnast her:

- Utdeling av Paul Harris: Har kandidatar, men tar gjerne imot framlegg på fleire aktuelle namn.
- Heimesida vår er ikkje oppdatert.
- Det har kome framlegg om å sette opp gapahuk ved trimparken, dette må det evt lagast eit prosjekt på. Eldar Sæterøy oppdaterte klubben på status for trimløypa: benkar/lys/tre som må kuttast til våren m.m.

- Den 1.10. blir det guvernørbesøk – felles med Ørskog, hos oss. Styret planlegg.

- Den 17.9 (neste møte) skal vi går rundt vatnet og stoppe i gapahuken hos Anne Marit for sosialt samvere. Dette blir Rotarys Høstmarsj!

- Det kjem stadig inn søknader om støtte til div. prosjekt. Vi har no avslutta Mama Clara prosjektet, og vil ta stilling seinare til evt andre prosjekt.

- Brattholmen: Dugnad førre tysdag, og ny dugnad i kveld. Der har vi fått hjelp frå ein del medlemmer i Round Table, og iflg Eldar har ein no fått gjort alt arbeidet som var planlagt, og området er oppgradert. Det kjem ei sak om dette i Nordre denne veka.

- RYLA: Har fått ut info om dette til medlemmene – oppmoding om å finne kandidatar

- Krabbefest: Styret har kontroll

- Medlemskveld med vinsmaking: Øyvind Haugen tar på seg oppgåva

President Harald refererte frå PETS på Dombås, ikkje så mykje nytt for ein «veteran», men minte om at: Klubbane er suverene i drifta! (Mao: Vi gjer som vi vil) Den siste delen av kvelden gjekk praten fritt, og så kunne vi gå heim og sjå om det var noko nytt i forhandlingane om ordførar i kommunen vår.

SE

Møte 17. sep. 2019
Tur rundt Synnalsvatnet med grilling i gapahuken.

Fødselsdagar:

Denne tysdagen gjekk startskuddet for ei nyhending: **Rotarys høstmarsj**. Tanken bak er at fleire enn «eldsjelene» skal nytte seg av Trimparken og stien rundt Synnalsvatnet, og Anne Marit hadde difor invitert til «open gapahuk» ved inste enden av vatnet.

Vi møttes ved Trimparken kl 19, - det hadde verkeleg bøtta ned heile dagen, men vi fekk berre ein liten skur på vegen inn (og ingenting på heimvegen), så turen gjekk fint! Ved gapahuken vart vi ønskt velkommen av vertskapet, Anne Marit og Svein + medlemmer av kameratskaps-komiteen. Dei kunne by på forfriskningar og lefserullar, og snart vart bålpanna tent, så det var pølser å få!



Til saman 19 personar hadde tatt turen, og det vart ein triveleg kveld. Vi benka oss rundt borda – god plass til alle – veit ikkje om det eigentleg kan kallast ein gapahuk – kanskje nesten ei minihytte?

Vi nytta høvet til å gratulere Jorun med overstått 60 års dag, og blei

servert deilig Kvæfjordkake – sjølvsgat baka av jubilanten sjølv!



På heimvegen vart det mørkt – men med moderne teknologi (les: mobiltelefon med lommelykt), kom alle seg trygt tilbake til parkeringsplassen.

Vi tar gjerne turen om igjen – kanskje på ei lysare årstid neste gong?

Møte 24. sep. 2019

Fritt møte

Fødselsdagar:

Presidenten ønsket velkommen og takket for sist (i gapahuken hos Anne Marit ved Synnalsvatnet). Vi har fått tilbud om å komme tilbake, og vurderer å benytte oss av det som avslutning på dugnad til våren.

Dugnadsarbeidet på Brattholmen er avsluttet, og alt planlagt arbeid er utført.

Klubben planlegger nå **årets guvernørbesøk**, som er fastsatt til 1.10. Dette skal gjennomføres sammen med Ørskog, etter følgende plan

Kl 18-19: Besøk hos Ørskog

Kl 1930-2030: Guvernøren møter styret og komiteledere i Brattvåg Rotary

Kl 2030: Fellesmøte i Brattvåg for Brattvåg og Ørskog Rotary-klubber

Orientering om kommune- og fylkestingsvalet v/Bjørn Sandnes og Bente Bruun

Denne programposten måtte gå ut dagen etter valget, men klubben fikk nå en gjennomgang og oppdatering. Resultatet er nå kjent for alle, og Bjørn tok utgangspunkt i valgprotokollen for Nye Ålesund kommune, som er på hele 67 sider. Han kommenterte framgang og tilbakegang for de forskjellige partiene, spesielt i kretsene i Haram. Etter hans vurdering var det spesielt 4 saker som var utslagsgivende ved årets valg: Vindkraft, bompenger, kommune-reformen og Møreaksen/Romsdalsaksen. Forhandlingene endte opp med at et samarbeid mellom Ap, Sp, V, KrF, SV, MDG og Rødt, med Eva Vinje Aurdal (Ap) som ordfører og Vebjørn Krog-sæter (Sp) som varaordfører.

Haram har fått god uttelling i antall representanter i det nye kommunestyret med 18 representanter – ut fra folketallet skulle vi hatt 11. Det betyr at svært mange har benyttet seg av retten til å kumulere og bruke «slengere».

De som ønsker å studere tallene, anbefales å bruke nettsiden valgresultat.no.

Bente delte så litt av sine refleksjoner etter valget av fylkesting i Møre og Romsdal. Som kjent har det vært mye «støy» rundt hvem som skal samarbeide, og mente at slik det ser ut nå, vil det bli et lite styringsdyktig fylkesting. Det er mange vanskelige saker som kommer opp, og det kan bli komplisert å få fattet vedtak når partier med stor ideologisk spredning skal samarbeide. Men det er blitt presisert at de avtaler som er inngått, er et valgteknisk samarbeid – for å for-

dele makt og posisjoner(?), som i sin tur kan medvirke til den politikerforakt det ofte blir gitt uttrykk for.

Uansett – mange saker å ta fatt på, ikke minst på områdene utdanning, helse og samferdsel.

Omsorg

Presidenten avsluttet kvelden med å ta opp et tema vi har berørt litt tidligere: Hva gjør vi/bør vi gjøre for å vise omsorg for personer som er rammet av sykdom eller sliter på andre måter? Det er et spørsmål som ikke er lett å besvare, men det beste er vel å vise medmenneskelighet. F.eks. spørre hvordan det står til når man treffes tilfeldig, evt ta en telefon eller en tur innom hvis det føles naturlig. Det finnes ingen fasit ...

SE

Møte 01. okt. 2019

Guvernørbesøk

Fødselsdagar:

Som tidlegare var også i år eit felles arrangement med Ørskog RK. President Harald ønskte guvernør og gjester frå Ørskog velkomne og opna for første programpost: Kaffi og Kvæfjordkake.



Guvernør Vigdis Osbak saman med presidenten vår Harald.

Guvernør Vigdis tok så ordet. I møtet med dei to klubbane hadde ho eit forsterka inntrykk av allsidige aktivitetar og prosjekt i klubbane.

«Rotary Connects The World» er mottoet for dette rotaryåret. Ønsket om å gjere verda til ein betre stad er felles for alle rotaryklubbar- kvar du kjem i verda.

Neste års Convention er på Hawaii. Mark Malloney er verdsresident i år. Han er jordnær og hadde med seg familie og barnebarn. Hans bodskap er å få med barn og unge i rotary sine aktivitetar.

Polio Plus har problem i Pakistan og Afganistan. Men det vart registrert berre 33 nye tilfelle siste året. Revaksinasjon er no aktuelt, også i vår del av verda. Rotary vil derfor søke om TV-aksjonen neste år. I år er det siste året Bill og Melinda Bate er med på å doble opp rotary sitt bidrag.

Av prosjektmidlar vert det samla inn 60000 dollar pr. år. Det står no 86000 dollar på konto til Global grants. Søknadsfrist for District Grants er 15.november i haust. Alle kan søke til lokale prosjekt. Det er viktig å vere synleg gjennom slike lokale prosjekt.

Ungdomsutveksling er viktig. Summer-camps og RYLA-seminar er aktuelt for våre klubbar no. Årsutveksling har det vore mindre av dei siste åra. Ein har m.a. hatt dårlege erfaringar med manglande motivasjon blant dei unge.

NORFO har ovedrege midlar til distrikta. Det ligg no 800 000 kr. i eit fond ein kan søke støtte frå.

Det vert jobba bra med rekruttering. Siste året har det vore 130-130 personar i avgang mot ca. 100 nyrekrutteringar. Målet om 30% kvinner er framleis viktig å arbeide mot.

Drøfting av distriktet sin organisasjon er no på gang. Ass. Guvernør si rolle er viktig for å bistå klubbane. TRF-ansvarlege, Gunnar Kvalsund, står også klar til å bistå. Alle tillitsvalde i distriktet er frivillige. Dei sit i tre år og har ingen godtgjersle.

Tilslutt kom guvernøren med ei oppmoding om å få på plass nye klubbar.

TS

Møte 08. okt. 2019

Flyktingarbeid v/ Cathrine Flem Fødselsdagar:

Programmet var ved Cathrine Flem Lervåg og temaet var flyktingearbeid i Nord-Hellas.

Cathrine har alltid vore oppteken av å hjelpe der det trengst.

I 2015 drog 5 barnsmor Trude Jacobsen til øya Lesvos for å drive hjelpearbeid. Ho har sidan det koordinert meir enn 6000 hjelpearbeidarar gjennom den frivillige organisasjonen: «Dråpen i havet». Organisasjonen er aktiv fire stader i Hellas; Lesvos, Samos, Nord-Hellas og Athen-området.

Leiren «Nea Kavela» ligg på ein nedlagt flyplass på grensa til Makedonia. Her var Cathrine ein periode i sommar og bidrog med ulike aktivitetsprosjekt. Ho synte bilete frå leiren og aktivitetane. Og med utgangspunkt i nokre av flykningane sine historier, fekk vi del i fleire gripande fortellingar frå flykningeleiren.

70 millionar menneske er no på flukt ulike stader i verda. Dei fleste har gått enorme distansar til fots. I denne leiren var mange frå Syria, men mange også frå ulike afrikanske land.

TS

Møte 18. okt. 2019

Krabbefest

Fødselsdagar:

I alt møtte 48 feststemte gjester på lokalet denne kvelden. Vi ble ønsket velkommen i døra av Bjørn Sandnes som stod klar med Cava til gjestene. Lokalet var flott pyntet – takk til kameratskapskomiteen for innsatsen.

Harald startet festen og ønsket velkommen med ord for dagen. Han minnet om at det er lite påmelding til Ryla og ønsket fleire kandidater velkommen. Neste møte blir befarung på det nye tjenestehuset. Kveldens kulturelle innslag startet med avsynging av Kalle Krafts Krabbesang. Harald leste så fra Rotarys vitsebok – mye moro der.



Det er meldt om lite krabbe i 2019, men vi var heldige og fikk

krabbe fra Fjørtofta. Maten var fantastisk, nydelig håndrenska fersk krabbe med loff og reker.

God service fra ryddemannskapene. Til dessert var det kaffe avec og en nydelig Kvæfjordkake.

I kjent stil avsluttet vi med et innbringende loddsalg, honnør til dyktige selgere. Det var flotte gevinster, alle fint demonstrert av Anders. Bord nummer 1 hadde den beste vinnerlykke denne gangen og gul Kari ble en gjenganger! Hovedpremien en gedigen fruktkorg fra en ukjent beundrer ble vunnet av Helge Austbø som jublet over endelig å bli befruktet.

Kvelden ble avsluttet med hyggelig prat rundt bordene.

BB for TS

Møte 22. okt. 2019

Bedriftsbesøk på det nye tenestehuset i Brattvåg

Fødselsdagar:

Vi vart ønskt velkomne av rådmann Turid Hanken, som sjølv stod for omvisinga. Det er målsetninga at huset skal yte tenester til heile Haram. Det har vore viktig å samle administrasjonen i same hus. Og dei skulle hatt huset for fleire år sidan, sa ho. Kommunen er leigetakar. Huset er eigd av eit investeringselskap, Ragde Eiendom.

I første etasje finn ein m.a. bibliotek, servicetorg og mange møterom. Vi gjekk gjennom biblioteket og deretter var vi innom avdelinga med i alt 6 legekantor og helsestasjonen. Der er ambulanseinnang i under-etasje med direkte adgang til bæreheis. Det er slåande kor arealeffektiv planløyninga er i dette huset,

som er teikna av arkitektfirmaet Sporstøl arkitekter.

Ei brei trapp fører opp til andre etasjen. Der er sjølv sagt også heis. Kantina ligg open og fritt inn mot atriet. Det er meininga at den også skal kunne nyttast til sosiale arrangement. Elles består etasjen av ulike cellekontor og møterom for helsesektoren, einingsleiarar, formannskapskontor, økonomikontor, teknisk kontor og barnevernskontor. I alt er der mellom 130-140 arbeidsplassar i huset.

I den nye Ålesund kommune reknar ein med at det blir 80-90 kommunalt tilsette i huset. Inntrykket av arealeffektivitet vart forsterka i andre etasjen, der ein har lagt vekt på enkelt-kontor og mindre opne løysingar.

Møtet vart avslutta med spørsmålsrunde i kantina.

TS

Møte 29. okt. 2019

Fritt møte med eit par

«egoforedrag»

Fødselsdagar: Rune Fjørtoft

President Harald ønskte vel møtt med å fokusere på 4-spørsmålsprøva. Ink. Pres. Kumar er for tida i Romania og vil bli der mesteparten av desember. Han må få på plass sitt styre for neste år før årsmøtet i desember. Vidare opplyste han at RYLA-seminaret vart avlyst i år. Det vert elles jobba med medlemsverving.

Leiar for redaksjonskomiteen, Arne Vågnes, hadde så ordet for å gå gjennom rutinar og retningslinjer i klubben med omsyn til kvartalsbrev, websida og sosiale media (Facebook).



Sigrid Eidsvik fekk så ordet til egofooredrag. Ho er fødd i Bindal (Nordland), tok realskolen i Overhalla og artium i Bærum, dit familien flytta i 1961. Etter sekretærutdanning hadde ho jobb i ulike firma, i inn og utland. Ho arbeidde m.a. i Sør-Tyskland medan ho var tilsett i Siemens og i rådhuset i Brighton. Ho tok også utdanning som reiseleiar og vart sendt til Spania. Der møtte ho ein sunnmøring som ville ha henne med hit. Ho fekk arbeid i Tyrholm og Farstad.

Dei flytta til Haram (Eidsvik) i 1977. Ho fekk eit vikariat i salsavdelinga til Hydraulikk i 1979. I 1983 søkte ho lærarstilling i kontorlag ved HVS, og vart tilsett. Det tok seks år med deltidsstudium for å få godkjenning som faglærer. Så vart linja for kontorlag nedlagt!

Ho fekk då arbeid på den nyoppretta arbeidskontoret i Brattvåg, seinare AETAT og NAV.

På fritid har ho hatt ulike verv lokalt m.a. i skulekorpset. Ho vart medlem i Høgre og vart straks innvald i ulike kommunale nemnder. Ho sat i Haram kommunestyre og formannskap. Ho sit no i kontrollutvalet og innvald som vara til Ålesund kommunestyre frå nyttår.

To av barna er busett i nærleiken. Ei av døtrene arbeider som advokat i Oslo.



Torstein Slyngstadli hadde så ordet til sitt egofooredrag, noko han måtte ta på sparket. Han har no vore medlem i Rotary i snart 30 år, medrekna åra i Vatne Tennfjord RK. Han understreka sterkt kor viktig denne medlemskapen har vore, og framleis er, for han i tilværet som pensjonist.

Han vart fødd i Tennfjord under krigen. Og han fortale så om ein familie i Tyskland hans familie har hatt kontakt med i 50 år. Eigentleg går historia heilt tilbake til krigen og ein ung tysk soldat ved namn Karl Wiegmann.

Avslutningsvis nemnte han sitt arbeid i Haramskulen i 37 år, derav 25 år som rektor. No som pensjonist har han stor glede av å måle bilete.

TS